



# Gjesdal – prega av sauene

MÅLFRID GRIMSTVEDT

*Gjesdal kommune*

Gjesdal sin ordfører tek imot innbyggjarane i Storahuset og driv turistformidling og bibliotek i Veveriet. Her skal ingen vera i tvil om at kommunesenteret, Ålgård er tufta på ullvareindustri. Storahuset blei bygd av Aalgaard Uldvarefabrik på 1870-talet og veveriet i 1898. I dag er ullvareindustrien historie, men Gjesdal er framleis ein av dei største sauekommunane i landet. Så vêren i kommunevåpenet forsvargar plassen sin. Her skal me presentera dei ulike museumsanlegga i Gjesdal. Dei er alle knytta til jordbruksbygda, men også til det handverket som Gjesdal var kjend for i eldre tid.

Kommunen strekker seg frå Ålgård på grensa med Sandnes og Klepp i vest og austover der Øvstebødalen grenser mot Hunnedalen og Sirdalen i aust og nord. Ser me kommunen i fugleperspektiv så deler Høgsfjord og Dirdal kommunen i to. I aust ligg eit høgfjellsplatå med skarpe, nedskårne dalar. I vest ligg eit noko lågare område med meir kronglete dalmønster omkransa av nutar og kollar.<sup>1</sup> Det er denne delen av kommunen som har størst jordbruksareal. Sauenæringa var nok viktigare i tidlegare tider enn i dag, men den som ferdast i kommunen til fots eller på hjul, finn både eit kulturlandskap og kulturminner som er knytta til sauen.

Sjølv om bøndene er komne i mindretal blant dei 10 000 innbygarane, er jordbruk er fortsatt ei viktig næring i Gjesdal som sysselsetter 8,6 %. Då er det husdyrbruk med ku og sau som dominerer. På 1990-talet auka jordbruksarealet i Gjesdal med 17 %, men i 2006 låg Gjesdal kommune på topp i lista over nedbygd matjord i heile landet.<sup>2</sup> Så framtida er usikker for jordbruket i denne kommunen som elles i landet. Det er stor variasjon i størrelsen, men ein gard «midt på treet» har 50–60 dekar dyrka mark, 120 dekar kulturbeite og mellom 1000 og 2000 dekar utmark. Her kan det vera opp mot 100 vinterfora sauer og 10–14 mjølkekyr eller kjøttfe.

Nye bustadfelt er noko av det som tek matjord. Ein stor del av innbygarane pendlar ut av kommunen på arbeid. Næringslivet elles er prega av tradisjonell industri, service og handel.<sup>3</sup>



Severin Lima i tunet. Fotosamlinga til Limagarden.

## LIMAGARDEN

Med dette som bakgrunn skal me presentera museums-garden som Jærmuseet driver i Gjesdal. Limagarden ligg på sørsida av Limavatnet og er eit av gardsbruka på Ytre Lima i Gjesdal. Gardsbruket har gardsnummer 9 og bruksnummer 6 i Gjesdal. På 1950-talet var dette ein gard på 600 dekar, der 40 dekar var dyrka og 20 dekar var kulturbeite. Då var det 13 kyr, to hestar, 100 høns og 66 sauer på garden. Her budde Severin (f.1878) og Martha Maria Lima (1880–1966) med dei tre barna Tore (1904–1977), Jenny (1906–1986) og Lars (1908–1974). Då hadde familien budd på garden Ytre Lima gjennom mange generasjonar. Men husa hadde ikkje stått på same plassen. Fram til 1858 låg bruk 6 lengre aust, der det framleis ligg to gardsbruk. Det var staden der alle bruka på garden låg i ei klynge. Heimehuset og förløa blei flytta til nåverande stad, medan dei andre husa er bygde der dei står i dag.



Limagarden ligg framleis trygt i det gamle beiteskapt kulturlandskapet. Men kor lenge går det før også desse viddene blir heilt tilgrodde? Me ønskjer å vedlikehalda det kulturlandskapet som siste generasjon på Lima forvalta.

*Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet 2010.*

Lars og Tore Lima merker sauene på marka bakom grindløa. *Fotosamlinga på Limagarden.*

Foto oppslagsida:

Øvst frå smia, nedst frå stove og kjøkken på Limagarden.

*Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet 2010.*





Lars og Tore Lima på torvskurd inne med Berge.

*Fotografen er ukjend.*



Søskena Tore og Jenny Lima på garden.

*Fotografen er ukjend.*

Dei tre søskena blei siste generasjon som budde og dreiv garden. Tore og Jenny Lima testamenterte garden med bygningar, reiskap, utstyr og innbu til Gjesdal kommune under føresetnad av at garden skulle brukast til bygdemuseum. Garden var i drift til opp mot 1980. Kommunen overtok garden etter at den siste av søske-

na død i 1985. Gjesdal Bondelag og Gjesdal bondekvinnelag stod sentralt i arbeidet med å omskapa garden frå privat bustad til bygdemuseum. Innbuet blei teke vare på. Møbler og utstyr står utstilt eller er magasinert. Kommunen selde noko av areala til bustadfelt og brukte desse inntektene til å setta istand bygningane. Eit eige fond har langt på veg finansiert vernevøling av bygningane. I 1989 blei gjenstandssamlinga frå Gjesdal bygdemuseum flytta frå Bollestad til Limagarden.

### Gjedal Bygdemuseum

Grunnstammen i gjenstandssamlinga til Gjesdal bygdemuseum er ting Torger A. Ravndal hadde i sitt private gardsmuseum. Han overlet seinare dette materialet til Gjesdal kommune. Etter eit par ti-år på lager, blei Gjesdal bygdemuseum opna i det gamle skulehuset på Bollestad 10. desember 1977. Me har ein handskriven katalog over gjenstandane frå 1962. Den inneheld 990 gjenstandar. I tillegg kjem meir enn 1000 gjenstandar frå Limagarden.

På 1980-talet fekk museet vernevølt fleire mindre antikvariske bygningar – eit kvernhus med tørkeomn på Ytre Lima og ei ljåsmie med bakaromn (etter ljåsmeden Johan Karlsen Høgemark, 1864–1946) på Indre Lima. Seinare fekk kommunen også ein avtale med Fredrik R. Gjesdal om bruk og istandsetting av Gjesdal Ljåfabrikk. Den nyrestaurerte Gjesdal Ljåfabrikk blei åpna 30. september 1988.

Bygdemuseet var kommunalt, med eit styre oppnemnd av kommunestyre og med kultursekretæren som sekretær. Slik var ordninga fram til Jærmuseet overtok

drifta frå 2004. Men Jærmuseet var fagleg rådgjevar museumsarbeid frå 1986, då Jærmuseet kom i drift, og fram til 2004. Det vil seia at me la til rette for gjenstandsregistrering med fotografering, laga utstillingar m.m.

### **Bruken av Limagarden på 1990-talet**

Det kom ny driv i arbeidet då museumsnemnda kunne ta ibruk Limagarden. Dei la opp til at ulike lag og organisasjonar skulle bruka området til aktivitetdagar og møter. Nokre lag fekk ein meir fast avtale. Gjesdal Ljå og Knivlag, oppretta i 1990, hadde tilhald i smia på Limagarden nokre år, før dei flytta til DFU-smia på Ålgård då kommunen overtok den midt på 1990-talet. Ålgård Rideklubb fekk disponera fjøset frå 1987. Dei dreiv handicap-riding i tillegg til eigne aktivitetar. Det viste seg at bygningane ikkje tolde denne bruken serleg godt, og rideklubben flytta ut. Etter det blei eit sauefjos i Nye løa leigd ut til ein sauebonde. Han har framleis sin flokk av sauer på Limagarden.

### **Limagarden – ein del av Jærmuseet**

Jærmuseet ønskjer å utvikla Limagarden til ein møteplass for folk i Gjesdal. Det skal også vera ein stad der folk frå andre distrikt og andre land kan bli kjende med den særeigne naturen og kulturen som har prega denne bygda i eldre tid. Med ønskjer også at publikum skal møta dagens gjesdalbuar, i ulike samanhengar.

Jærmuseet disponerer bygningane, tunet og deler av marka. Ein leigetakar disponerer sauefjos i Nye løa og bruker Miljøloftet og låven i Nye løa under lemninga i april. Kommunen leiger ut den dyrka marka til ulike

gardbrukare. Jærmuseet har ein stilling som leiar av lokale anlegg. Han har det daglege ansvaret for drifta på Limagarden. Det er det ein 60% vaktmeisterstilling knytta til garden. Ut over det er fleire av dei tilsette i Jærmuseet med i museumsarbeidet: me tar oss av undervisning, aktivitetar, samlingane, marknadsføring og bygningsvedlikehald.

Samlingane til Gjesdal Bygdemuseum er registrerte og blir dels utstilt på Limagarden, dels ligg dei i ulike magasin. Etter kvart vil publikum også finna opplysningar om dei på Digitalt museum, dvs gjennom søk på internett. Det er ei spennande utfordring å laga eit godt samspel mellom å visa fram den generelle lokalhistoria innafor ramma av eit enkelt gardsbruk og i tillegg leggja til rette for digital formidling. Vårt hovudfokus ligg nå på å gje dei som kjem til garden ei best muleg oppleving. Det er trass alt bare musea som har gjenstandar folk kan sjå og oppleva.

Museet tar sikte på å reindyrka preget av at Limagarden var eit gjesdals gardsbruk midt på 1900-talet. Arbeidet med sauen stod sentralt. Skogen, fiske, bruk av frukt og bær, smedarbeid som attåtnæring – alt dette er element som me ønskjer å få fram gjennom formidlinga. Gjesdal var kjend som ei handverksbygd på 1800-talet. Då var det vadmål av saueull, produksjon av kniv, saks, ljå og spade frå gardssmiene som ga gjesdalbuen godt ry. Limagarden er ei god ramme for fortellingar om det arbeidet. I tillegg ønskjer me å gje betre rom til bygdesamlinga. Samtidig er det mykje plass til aktivitet på Limagarden: Mange bygningar med små og store rom, god uteplass inne i tunet og i hagen og kjelvene rundt.



1 Svanhild Steinnes Berge i veven formidlar til besøkande. Foto, 1–4: John Olaf Grimstvedt, Jærmuseet 2008.

2 Nye generasjonar har glede av gamle leiker.

3 Rakel Søyland har stått over grytene på Limagarden på mange aktivitetsdagar.

4 Tolleiv Aasen kan kunsten å bregda sokkeband.

5 Mykje god mat i aktivitetsveka. Dette er frå 2007. Foto: Bjørg Sandve, Jærmuseet.

6 Jærmuseet har fleire opplegg der elevane får vera med på fiske i Limavatnet. Foto: Jærmuseet.

7 Under «Limavatnet rundt» får elevane prøva seg i Gjesdal Ljåfabrikk. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

Museet ønskjer å leggja til rette for at Limagarden kan leigast ut til mindre og større arrangement og vil også sjøl vera med på å laga aktivitet. Me vil derfor skilla klarare mellom dei bygningar og rom som formidlar historia og rom som kan brukast til aktivitetar. T.d. måtte me riva Blekkhuset, eit hønsehus, i 2009. Det var i dårleg stand. Me fekk sysselsettingsmidlar frå Staten og er nå iferd med å bygga oppatt huset. Utvendig blir det som før. Men det blir større takthøgde inne og isolerte vegger. Det vil bli brukt til utstillingslokale for bygdesamlinga. Me ønskjer også å laga fjoset i Nye løa om til utstillingslokale til større gjenstander. Miljøloftet som er eit nybygg frå 1991 får nye møbler og blir utstyr som konferanserom med internett-tilgang frå 2010. Då har me tilbod til bedrifter og organisasjonar som vil bruka Limagarden til møter o.a. Men skal me leggja opp til større arrangement bør me også leggja til rette for større parkeringsplass. Dette er bare muleg om me klarer å finansiera nye tiltak.

Limagarden fekk sitt eige marknadsråd innan Jærmuseet i 2009. Der sit det folk frå Gjesdal som saman med marknadsjefen og leiaren av lokale anlegg i museet knytter kontaktar mot næringslivet og søker pengar slik at det er muleg å gjennomføra nye planar.

### UNDERVISNING OG FORMIDLING

Skule – landbruk er eit samarbeid mellom Gjesdal Bondelag og skulane i kommunen som har pågått frå sist på 1990-talet. Dei har tre faste undervisningsopplegg: *Limavatnet rundt* i juni, *Frå ull til tråd* i oktober og *Jul på gammalt vis* i desember. Jærmuseet har frå



Under aktivetsveka i 2009 dramatiserte ungane «Bukkene Bruse» med liv og sjel. Foto: Jærmuseet.

2005 laga tilbod om undervisning på Limagarden i visse periodar av året. Det er mykje å spela på når ein lagar pedagogiske tilbod her. Til garden høyrer det fiskerett i Limavatnet. Bak Limagarden ligg Fodnabergheia, dette er eit skilta fornminne område som syner tydelege spor etter busetnad frå Folkevandringstida, 300–500 e.Kr. Nå får skuleelevar både i Gjesdal og andre kommunar tilbod om fiske i Limavatnet, pleie av kulturlandskap, haustarbeid med frukt og bær, naturkunnskap og opplegg om byggeskikk og jordbruk i eldre tid. Denne undervisninga planlagt og gjennomført av formidlare frå Jærmuseet. Dei set av visse veker i skuleåret der dei tilbyr undervisning.

Kvar sommar går museet og kommunen saman om ei aktivetsveke for barn frå 6 til 13 år. Dette tilbodet er så populært at det blir fullteikna på ein dag. I 2010






Under «Limavatnet rundt» får elevane prøva seg i Gjesdal Ljøfabrikk. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

blei tilbudet utvida med nokre dagar. Det er åpent for publikum kvar søndag frå mai til ut september, og sommaråpent seks dagar i veka i juli. Det blir laga til aktivitetsdagar enkelte søndagar.

Besøkstalet har vore aukande dei siste åra. I 2009 var det 2400 besøkande: 1400 barn og unge i organiserte opplegg og 1000 vaksne og barn som laust publikum.



**1 Heimehus:** Jærhus – bygd 1848 og restaurert i 1988 / 89, 115 m<sup>2</sup> i 1,5 etasje | **2 Fôrløa:** Grindbygg – bygd rundt 1800, restaurert 1987, 131 m<sup>2</sup> | **3 Sauehuset:** Bindingsverk, bygd 1900, 54 m<sup>2</sup> + 60 m<sup>2</sup> | **4 Nye løa med miljøløft:** Bindingsverk og mur. Ku og sauefjos, låve, bygd 1939 / 1948, 130 m<sup>2</sup> i 3 etg. Miljøløft med toalett: Murt, reisverk, bygd 1991, 30 m<sup>2</sup> i 2 etg. | **5 Eldhus:** Bindingsverk, ukjendt byggeår, 45 m<sup>2</sup> | **6 Smie:** Bindingsverk, ukjendt byggeår, 20 m<sup>2</sup> | **7 Blekkhus:** Bindingsverk, ukjendt byggeår, rive 2009, nybygd 2010, 24 m<sup>2</sup> | **Naust:** Bindingsverk, ukjendt byggeår (ligg ved vatnet) 20 m<sup>2</sup>



Ljåsmie med bakarovn på indre Lima.

Foto: Olav M. Bråtveit, Jærmuseet 2008.

### LJÅSMIE MED BAKAROMN PÅ INDRE LIMA (10/3)

Karl Karlsen Høgemark bygde denne enkle panelkledde stavbygningen i 1890-åra. Her laga han 300 ljåar på det meste. Han laga også sigdar, knivar, mineboltar, beslag, sakser og sauebjøller.

Smia har også bakaromn. Her laga dei surdeigsbrød til hushaldet på garden. Det er plass til 16 brød om gongen. Dei baka om lag kvar 14 dag. Bakaromnen og smia var i bruk til om lag 1916–1920.

Bygningen og utstyret inne blei restaurert av bygdemuseet i samarbeid med Jærmuseet rundt 1990 og har sidan vore i bruk ved spesielle høve, som det årlege opplegget «Limavatnet rundt».

### GJESDAL LJÅFABRIKK (27/16)

Bygd av Fredrik Fanuelson Gjesdal (1844–1920) og blei driven fram til 1920. Fabrikken dokumenterer den tidlege industrielle ljåproduksjonen. Maskineriet blei den



Gjesdal Ljåfabrikk.

Foto: Olav M. Bråtveit, Jærmuseet 2008.

første tida driven av vasskraft. Det var bygd ein dam eit stykke ovanfor fabrikk. Ei om lag 60 m lang lang trerenne leia vatnet ned til ein sugeturbin.

Reier, son til Fanuel, kombinerte ljåproduksjonen med gardsdrifta. Storparten av smieproduksjonen føregjekk om vinteren. Då blei det produsert 2-300 ljåar i året. For det meste var dette longorvsljå. I tillegg kom det ein del stutturvsljå og nokre hundre sigdar. På bestilling laga dei både sakser, knivar og andre ting folk i bygda ba om.

Hausten 1988 blei ljåfabrikken opna som museum etter at både bygning og utstyr var satt i stand av Gjesdal kommune med økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd og Rogaland fylkeskommune. Jærmuseet var med på arbeidet: stod for registrering av gjenstandane og istandsetting av omnar og smieutstyr. Så langt me kjenner til er dette den einaste bevarte ljåfabrikken i landet.

### KVERNUS MED TURKE PÅ YTRE LIMA (9/21)

I bekken der kvernhuset står var det før i tida fleire kvernhus for dei ulike bruka på Ytre Lima.

Dette kvernhuset blei restaurert på 1970-talet som del av museumsarbeidet.



Kvernhus med turke på Ytre Lima.

*Foto: Olav M. Bråtveit, Jærmuseet 2008.*

### NOTER

<sup>1</sup> Hanne Thomsen «Løst og fast i Gjesdal», Stavanger Turistforenings årbok 2000:10

<sup>2</sup> Nationen 27.5.2010

<sup>3</sup> Målfrid Grimstvedt «Gjesdal – eit landskap prega av sauen», Stavanger Turistforenings årbok 2000:28

